

Nr 4-2022, årgang 58

# KYRKJELYDSBLAD

## FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje

Nissedal kyrkje

Felle kapell



Teikning av Solveig Muren Sanden



---

## «SO BLÆDDE DEI SALMUR»

---

### «Deilig er jorden»

Det er november med mildt regn over mørke tre, men òg ei tid der me snart kan glede oss over adventsdagar med ljós på ljós både inne og ute. Denne venda har me spurt Anne Marie Hesmyr Larsson om ho kan fortelje litt om førjolstid og arbeidet som kyrkjetenar. Anne Marie fortel at ho voks opp på Sundsodden og i Nordbygd.

Seinare fekk ho eigen heim på Tveitane saman med Rune og borna Malin og Ronny. I dei siste 12 åra har familien hatt hus og heim på Fjone der dei likar seg godt.

**– Du har vel òg tidlegare nemnt på at du likar deg godt i stillinga som kyrkjetenar?**

– Ja, eg har hatt dette arbeidet i 19 år, og eg kan absolutt seie at eg storlivst. På mange måtar er det ein livsstil, mange faste gjeremål og rutinar, både på gudstenester med høgtid og glede, men au førebuing til gravferder med sorg. Elles er det varierande oppgåver til ulike årstider. Naturlegvis kan ein nesten sjå grønt når ein i lange beitur må fare over vide grasvollar, men snart er ein over i heilt andre gjeremål. Det kan vere tungt når snoen fyk og legg seg i haugar, men det har sin sjarm, det au. Eg håpar me fær ei fin, kvit jol med lavande sno i tre og buskar.

**– Og snart er det tid for å stelle til jol?**

– Ja, i heimen brukar me novemberdagane til å vaske og stelle. I desember er det tid for bake, sende jolehelsingar og gjere klart til høgtida. Joleftan er det blitt tradisjon at me har ribbe og heimelaga surkål og riskrem. Seinare kosar me oss med kaffi og kakur og alt godt som høyrer jola til. Både Ronny som er i Arendal, og Malin som bur i Porsgrunn med mann og ei lita jente, kjem heim til joleftan. Det blir stor stas.

**– Så har du ein jolesong som du set særleg stor pris på?**

– Ja, eg må vel seie at eg ofte fær ei fin jolestemning når me «Syng jola inn» i Treungen kyrkje, kanskje særleg etter at Bjørn Dagfinn har sunge «O helga natt». Ved sida av den songen set eg stor pris på «Deilig er jorden». Kanskje

særskilt i tider der me har hatt pandemi, og har fått krig i Europa nokså tett innpå oss, er det godt at me kan dele songar med optimisme og ei glad tru.  
TV

### ***Deilig er jorden***

*Deilig er jorden,  
prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.  
Gjennom de fagre  
riker på jorden  
går vi til paradis med sang.*

*Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang.  
Aldri forstummer  
tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den,  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød.  
Fred over jorden,  
menneske fryd deg.  
Oss er en evig Frelser født.*

*Tekst: B.S. Ingemann, 1850*

*Melodi: Breslau, 1842*



---

## ★ Vi syng jola inn ★

I Treungen kyrkje

søndag 18.12.22 kl. 18.00

Desse deltek:

- Nesten nydeleg
- Lollipop
- Mia Espelid
- Bjørn Dagfinn Tveit

- Åshild Reime og
- Olav Svalastog
- Band frå kulturskulen
- Nissedalskoret

Kveldstankar frå Knut Bjørn Skyttemyr

---

## Velkommen

---

---

## ANDAKT

---

### Deilig er jorden?

Rammene rundt årets julefeiring er annleis enn på svært mange år. Krigen i Ukraina trugar freden i heile vår region. Vi opplever aukande fattigdom og stadig fleire som slit økonomisk med å få endane til å møtast. Klimakrisa set òg sine spor. Kan vi også i år syngje «Deilig er jorden» med dette bakteppet? Det verkar vanskelegare om vi ser rundt kvarandre. Alt er ikkje så deilig som det var.

Denne salmen blei skiven berre nokre få veker etter at eit stort slag hadde funne stad i vårt granneland Danmark i 1850. Sytti tusen soldatar deltok, og mange døydde. Salmen kom først ut med tittelen «Pilegrimssong». Den er ein trassig protest, meir enn ei skildring av verkelegheita vi lever i. Det siste verset sluttar med «Fred over jorden, menneske fryd deg! Oss er en evig Frelser født!»

Vi feirar jul fordi vi trur at det skjedde noko som fekk konsekvensar for vår urolege verden då Jesus vart fødd. Gud kom til jorda, og det endra vår situasjon.

I år er det åtti år sidan slaget om Stalingrad. Eit av dei største og mest avgjerande slaga under 2. verdskrig, fann stad. Kurt Reuber var lege og tenestegjorde i den 16. panserdivisjonen på tysk side. Han var òg ein gåverik amatørkunstnar. Like før jul i 1942 omgjorde han bunkerens sin på steppene nordvest for Stalingrad til eit atelier, og begynte å teikne på baksida av eit erobra russisk kart – det einaste papirstykket han fann. Då teikninga var ferdig, hengde Reuber den opp i bunkerens. Bildet viser ei mor (madonna) som held sitt nyfødde barn tett inntil brystet sitt. Biletet blei eit alter for soldatane. Dei strøymte til, og dei fekk ei jul dei aldri gløymde.

På dette biletet står det òg tre ord som skildrar jula sitt innhald: Licht (Lys), Leben (Liv), Liebe (Kjærleik). Tre ord som skildrar han vi feirar i jula. Jesus er verdas lys. Et annleis lys som gjer at vi ikkje treng å vandre i stummande mørker sjølv om jorda ikkje er så fager som ho var, fordi Jesus har lova å gå med oss. Om det lyset står det også: «Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det. (Joh. 1,5)».

Jula handlar òg om Guds store kjærleik. Jesus er kjærleik. Vist for alle når han gir sitt liv for sine vener. Kjærleik er verdas sterkeste kraft. Vi seier når vi feirar nattverd: «Deg være ære, for kjærleiken som er sterkare enn døden.»

«Eg er Livet», seier Jesus. Aller tydelegast bevist når han står opp frå dei døde. Livet sigrar til slutt. Det er ikkje dødskreftene som får det siste ordet likevel. Ved Jesu oppstode har vi fått eit levande håp.

På grunn av noko som skjedde i vår historie for litt over to tusen år sidan, kan vi trass i det vi opplever rundt oss av krevjande kriser, likevel syngje «Deilig er jorden. Menneske fryd deg. Oss er en evig frelsjer født!»

Ei velsigna jul!



Stein Reinertsen  
Biskop i Agder og Telemark

## FRÅ KYRKJEKONTORET

Misjonsprosjektet i Mali: Nå har vi nådd målet for året, som er på kr. 40 000,- ☺. Pr dags dato har vi overkant av kr. 42.000 innkomne midlar. Nokre av desse midla har kome inn etter at bilde blei tatt. Ballane i røra symboliserer antall syklar. Ein ball er ein sykkel.

Sidan vi er ei IA-bedrift, har vi nå tatt imot Jan Robert Meyer som er på arbeidsutprøving frå NAV i 40% som kyrkjetenar. Han jobbar saman med Anne Marie.



Frå nyttår av startar vi opp igjen med fast gjevarteneste. Ta kontakt med kyrkjekontoret viss du er interessert.

Konsert med Malene Flataker og hennes ensemble i Nissedal kyrkje sundag 11. desember kl. 18.00

---

## ME STAKK INNOM

---

**Oddvar Olsen og Anna Tveit Olsen –  
som fortel om jol i heimen – og rikeleg  
med heimelaga mat til glede for mange**

Det er lange tradisjonar i landet vårt med å stelle til jol. Utetter hausten, etter at avlingar frå åker og eng var i hus, var det tid for slakting og stell av kjøt og fisk.

Deretter var det tid for baking, brygging og vasking. Også i heimar der folk til vanleg ikkje hadde meir enn dei greidde seg for å halde naud og armod utanfor døra, gjorde folk sitt beste for at dei skulle kunne ha litt meir på bordet når høgtida stunda til.

Ein mørk novemberkveld har *Kyrkjelydsbladet* avtala eit lite møte med Oddvar Olsen og Anna Tveit Olsen. I det trivelege huset i Smeitkollen knitrar det frå god varme i omnene. Og medan Anna byd på meir enn *ei* kake på duka bord, slår Oddvar i heit kokekaffi frå kjelen. Snart kjem samtala inn på minne frå førjolstida i barndomsheimane deira, og kva dei har teke med seg vidare inn i eigen heim.



### Førjolstid på Skjånes i Gamvik

Oddvar voks opp på Skjånes i Gamvik kommune på Nordkinnhalvøya. Det var tronge tider i dei fyrste etterkrigsåra i eit nedbrent Finnmark, men her fekk Oddvar oppleve at folk gjerne ville dele med seg av det dei hadde. – Ja, mor baka alle slags småkaker, åtte–ti slag, trur eg, ja, fleire slag lefse blei det òg. Vi, gutungane, kunne nok vere litt harde i klypa så vi knuste kantane på kakene. Slik blei det til at mor gjorde unna ein del av baksten seitn på kvelden. For mor var det viktig å ha så mykje bakst at ho kunne dele med seg. Då sende ho oss ut med digre pakker med kaker, så vidt at vi fekk dei med oss. Vi traska og gjekk og fór innom gammer og hus, som oftast til gamle, sjuke og einslege. Mor visste kvar vi skulle sjå innom, minnest Oddvar frå barndomsåra, før han fortel meir om jolematen dei stelte til i heimen.

Frå fjorden kunne dei nær sagt når som helst få seg fersk torsk. Frå sauene på småbruket fekk dei kjøt, ribbe og pålegg av beste slag. Stundom kjøpte dei òg reinsdyrkjøt av samane. – Nei, ølbrygging ville ikkje mor ha i huset, fortel

Oddvar vidare og ler, – ho hadde nok sett at ikkje alle på heimstaden vår kunne passe måten med det.

### **Feit aure frå Breivatn på jolebordet**

Anna har òg gode minne frå barndomsheimen då dei stelte til jol. Alt frå ho var lita og var med mor si på kjøkkenet, fekk ho prøve seg på bakst av småkaker. Etter kvart var ho med då dei la heile tytebær i sukkersaus på flasker. Brygging av sukkerøl og stell av fisk og slakt var ein del av førjolssjauen. Kjøtkakene fekk ein særleg god smak med hermetisering på store *Norgesglas*. Lukt av såpe frå reingjeringa, og etter siste finpussen før høgtida, duft frå nylakka golv, har òg blitt til gilde førjolsminne.

På mange måtar fekk Anna med seg ein del av dei same opplevingane i barndomsheimen sin som Oddvar hadde med seg frå heimen på Skjånes. Foreldra ville lære borna at dei skulle dele med seg av det dei hadde stelt. Anna og syskena måtte traske rundt med bakst og godsaker, ikkje bare til eldre og einslege i familien, men òg til andre som dei gjerne ville glede med heimelaga jolemat. Frå oppvekståra har Anna med seg særskilt gilde minne frå gardsbruket i Heimdal der besteforeldra Olaus H. og Ingeborg Dale samla heile storfamilien til joleftasfeiring. – Då var det allstøtt nydeleg aure frå Breivatn på bordet saman med alt anna godt. Joledags morgen var det tid for å smake på lutefisk, kjem Anna i hug.

### **Gamle og nye skikkar i eigen heim**

Då Oddvar og Anna fekk sin eigen heim, tok dei med seg skikkar frå kvar sin kant. I dei fyrste åra då ekteparet hadde kome til Treungen, var Oddvar sauebonde og jordbærdyrkar. Alt då var han ute med fiskestong og gevær. I hagen utanfor huset i Smeitkollen har Oddvar og Anna hatt stor glede av å kunne så og plante, vatne og gjødsle, få det til å gro og kjenne på gleda ved å rusle ut for å hente inn mangt av det dei treng i matlagninga. I mange år har Oddvar vore med på reinsjakta i Tinn. På heimvegen har han hatt med seg både reinskjøt, fjellaure og fulle moltespann. Ein del av dette er det naturleg nok gildt å hente fram til jol.

I heimen har Anna og Oddvar dela på arbeidet med baksten. –Eg lagar deig og steiker, og Oddvar bakar ut, fortel Anna. Frå barndomsheimen har Oddvar hatt med seg gode oppskrifter på serinakaker og kanelstenger medan Anna har hatt oppskrifter på goro, peparkake, krumkake, sirupsnippar og jolekake. I oppvekståra har jentene til Oddvar og Anna, Marte og Jorunn, fått boltre seg med forming og kjevling. –Når me bakar kling og hardangerlefse, er det Oddvar

som kjevlar, og eg stend klar med takka, fortel Anna vidare, – ja, og så lagar han marsipan, skollar og mel madlar, formar og trillar kuler.

Når jola nærmar seg, kan Oddvar på nytt feste augo mot Skuggenatten, der han i yngre år stadig fann vegen med lettføtte steg for å skifte ljospærer i joletreet. Nå kan han samle seg om joletreet heime, få opp kjend og kjær pynt og få dekorasjonar og jolekrubber på rett plass.

Joleftan samlar familien seg kring bordet klokka seks. Då vil både Oddvar og Anna gjerne ha ein velsmakande fiskemiddag, før dei forsyner seg med moltekrem. Godt kjøt blir det rikeleg av seinare i jola.

Frå tida i barndomsheimane har Oddvar og Anna hatt med seg tankar om å dele med seg av det dei har stelt til. Slik er det langt fleire enn dei nærmeste som har kunna glede seg over god, heimelaga jolemat. Her sender me gjerne ei lita helsing attende. Takk for maten og signa jol!

TV

---

## **Spreke karar har lagt bak seg 4000 km på sykkelsetet og samla inn verdifulle midlar til Kirkens Nødhjelp**

Ein septemberdag la dei fire spreke karane, Bjørn Leirvik, Olav Nilsen, Bjarne Reime og Sigurd Marlov Antonsen, ut på ein eventyrleg sykkeltur frå Nissedal til Gibraltar, den absolutt ytste enden av Europa. På den svært innhaldsrike langturen har dei trakka av stad og fått oppleve svært skiftande natur og landskap gjennom Danmark, Tyskland, Nederland, Belgia, Frankrike, ned til Biscayabukta og oppover til Madrid, så nedover til Cordoba og fram til Gibraltar, ein langtur vi gjerne skulle hatt god plass til å skrive meir om. Her vil vi i alle fall nemne at dei samfunnsengasjerte karane òg har hatt som mål om å kunne kombinere turopplevinga med å samle støtte til det svært verdifulle prosjektet til Kirkens Nødhjelp om å gje fleire menneske tilgang til reint vatn. Om lag 800 millionar menneske i verda har for dårleg drikkevatn, noko som fører til sjukdommar. Alle gode tiltak, også denne innsamlinga, er ei viktig hjelp.

Her vil vi gratulere dei spreke pensjonistane med vel gjennomført tur og samtidig takke for det fine engasementet med å skaffe reint vatn.

For dei som framleis vil gje midlar til prosjektet, er kontonummeret:  
1594.22.87248 Vipps-nr. er: 2426

## TRUSOPPLÆRING



NATTCAFE på bedehuset i Treungen kl.

20.00 – 00.00

Siste laurdag i månaden i januar, februar, mars og april.

Det blir servert pizza, og vi har mange ulike aktivitetar.

Samlingane er for ungdomsskulen og vidaregåande.

Velkommen!

## LAURDAGSKVELD PÅ KYRKJEBYGDA BEDEHUS

Velkomen til deg som går i 7.-10. klasse og kjem frå Kyrkjebygda/Nordbygda

Dataar kjem seinare. På desse kveldane vil me vere saman, ha det triveleg med spel og leik. Mat blir det også. Ta med eige snacks. Bibelord og undring.

**ALDRI ALEINE** på bedehuset i Treungen kl. 17.30 – 19.30. Målet med ALDRI ALEINE er å skape trygge rom der tenåringar kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn.

Nokre stikkord er: Fellesskap og relasjonar, trygg kvardagstru på Jesus og sjølvbilde.

Samlingane er for 6. og 7. klasse.

## PROGRAM FOR SUNDAGSSKULEN I FELLE KAPELL

Sundag 27. november: Adventsgudsteneste og jolegrantenning

5. joledag (29.12): Sundagsskulens joletrefest i Treungen bedehus

Måndag 23. januar

Måndag 20. februar

Måndag 20. mars

Sundag 2. april: Familiegudsteneste kl. 11.00

Måndag 22. mai

**Samlingane startar kl. 17.00**

Alle frå 0 år og oppover er hjarteleg velkomne!

## Kyrkjebygda bedehus

Sundagsskule og Yngres går som vanleg. Detaljert program kjem seinare

## **PROGRAM FOR SUNDAGSSKULE OG TÅRNAGENTAR I TREUNGEN BEDEHUS**

Sundag 4.12. kl.11.00, familiegudsteneste «lys vaken» og adventsamling i Haugsjåsund kl. 17.00

Sundag 18.12. kl. 18.00 «Vi syng jola inn»

Joleftan kl. 14.30, familiegudsteneste

5. joledag (29.12) sundagsskulens jolefest i bedehuset kl. 17.00

Sundag 8. jan. kl. 11.00 i Treungen bedehus

Sundag 22. jan. kl. 11.00, felles i Frikyrkja med sundagsskule og agentklubb

Sundag 5. feb. kl. 11.00 tårnagent-gudstenste i Nissedal kyrkje

Sundag 26. feb. kl. 11.00 i Treungen bedehus

Sundag 19. mars kl. 11.00 felles gudsteneste i Treungen kyrkje – Kode B

Sundag 26. mars kl. 11.00 i Treungen bedehus



Alle frå 0 år og oppover er hjarteleg velkomne!



Vingespenn Førestilling med konfirmantane 5.mars. kl 18.00 på Fleirbruks huset.

Er ikkje slaveriet forbi? Kvifor er verda slik? Kva kan vi gjere?

Konfirmantane set opp førestillinga Vingespenn. Her kombinerer ein film og dans. Vi ønskjer å reflektere over urett, utfordringar i eige liv, kva som gir håp – og kva vi kan gjere for å bidra til mindre utnytting og meir rettferd.

*Vingespenn* er ein del av «Global uke» der ein saman som kyrkjer jobbar for å motarbeide moderne slaveri. Førestillinga er ein samproduksjon mellom FriBU, DanceTV, Eric Tryland og Norges Kristne Råd med støtte frå Justis- og beredskapsdepartementet og Norad.

**Velkommen!**

# GUDSTENESTELISTE MED OFRING

<b>Desember</b>				
1.	18.00 Nissedal	Jolegrantenning	Graut på bedehuset	Kyrkjelydsarbeidet
4.	11.00 Treungen	«Lys vaken» 6. og 7. kl. Familiegudsteneste	Kyrkjekaffi	Kyrkjelydsarbeidet
11	18.00 Nissedal	Konsert med Malene og ensemblet		
18	18.00 Treungen	Vi syng jola inn		Kyrkjelydsarbeidet
21.	09.30 Treungen	Skulegudsteneste		
24.	13.00 Felle	Joleftan		Kirkens nødhjelp
24.	14.30 Treungen	Joleftan		Kirkens nødhjelp
24.	16.00 Nissedal	Joleftan		Kirkens nødhjelp
25.	11.00 Treungen	1. joledag.	Nattverd	Diakoniprosjekt i Mali
<b>Januar</b>				
1.	KI 11 Nissedal			Mali
15.	KI 11 Treungen			Mali
22.	KI11 Treungen frikyrkje			
22	KI 18 Nissedal		Kveldsamat bedehuset	Kyrkjelydsabeidet
<b>Februar</b>				
5.	KI 11 Nissedal	Tårnagenthelg Familiegudsteneste	Kyrkjekaffi ute rundt bålpanna	Sundagsskulen i Telemark
19.	KI 11 Nissedal			Mali
	KI 18 Treungen			Kyrkjelydsarbeidet
<b>Mars</b>				
5.	KI 11 Nissedal	Kode-B Familiegudsteneste	Kyrkjekaffi ute rundt bålpanna	Acta Telemark
	KI 18 Treungen Fleirbrukshus	Konfirmantane deltek	Foreldrefest kl. 16.00, bedehuset	Kyrkjelydsarbeidet
19.	KI11 Treungen	Kode B saman med Frikyrkja Familiegudsteneste	Kyrkjekaffi ute rundt bålpanna	Acta Telemark
	KI 18 Nissedal			Kyrkjelydsarbeidet
<b>April</b>				
2.	KI 11 Felle	Palmesøndag		Mali
	KI 18 Fjone		Kveldsamat	Mali
6.	KI 10 Haugsjåsund	Skjærtorsdag		Mali
	KI 18 Nissedal		Kveldsamat på bedehuset	Mali
7.	KI 11 Treungen	Langfredag		Kyrkjelydsarbeidet
9.	KI 11 Nissedal	1.Påskedag		Kyrkjelydsarbeidet

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe:  
Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21

# TREUNGEN FRIKYRKJE

**Vi oppmodar til å fylge med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no)**

**då det kan kome endringar i programmet.**

## JANUAR

- 08. 11.00 Gudsteneste. Nattverd
- 09. 17.30 Speidaraktivitet
- 10. 19.00 Kvinneforening
- 11. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 12 19.00 Kveldskafè, Årsmøte
- 15. 19.00 Husgrupper
- 16. 17.30 Friklubb og Lollipop
- 17. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 22. 11.00 Familiegudsteneste. SLUSH
- 23. 17.30 Speideraktivitet
- 24. 19.00 Kvinneforening. Årsmøte
- 25. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 29. 19.00 Husgrupper
- 30. 17.30 Friklubb og Lollipop

## FEBRUAR

- 02. 19.00 Kveldskafè
- 05. 11.00 Gudsteneste. Nattverd
- 06. 17.30 Speidaraktivitet
- 07. 19.00 Kvinneforening
- 08. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 12. 11.00 Gudsteneste-video frå konferanse
- 13 17.30 Friklubb og Lollipop
- 14. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 19 19.30 Husgrupper
- 21. 19.00 Kvinneforening
- 22. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 26. 18.00 Kveldsgudsteneste.
- 27. 17.30 Friklubb og Lollipop
- 28. 18.00 Kyrkjelydens årsmøte

## MARS

- 05. 18.00 Vingespenn. Fleirbrukshuset
- 06. 17.30 Speidaraktivitet
- 07. 19.00 Kvinneforening
- 08. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

**Vil du bli fast givar? Ta kontakt med kasserar tlf: 48046377**

**Treungen frikyrkje sin gåvekonto**

**2714.10.06628 Vipps nr.27037**



- 09. 19.00 Kveldskafè
- 12. 11.00 Gudsteneste. Sundagssk. Agentkl. Tur til Godthol
- 13. 17.30 Friklubb og Lollipop
- 14. 19.00 Dugnad og fellesskap
- 19. 11.00 Felles familiegudsteneste. Kode B Treungen kyrkje: Utdeling av biblar til 5.kl
- 20. 17.30 Speidaraktivitet
- 21. 19.00 Kvinneforening
- 22. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 27. 17.30 Friklubb og Lollipop

## Sommarleirane på Fjelltun

- 09.-11.juni Tweensleir på Fjelltun
- 16.-18.juni Barneleir på Fjelltun

**Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre eller har du spørsmål, så ta kontakt med: Lena Haugsjå: 90685202**

**Bøn onsdag i partalsveker kl. 10.30 hos Rut S Nielsen, Landvik 21**

## Fjone bedehus

Sundag 4.desember kl 15: Adventssamling med riskrem.

Knut Bjørn Skyttemyr blir med.

Damenes: Kl 19 kvar fyrste torsdag i månaden.

Barnearbeid: sjå FB-sida.

# HAUGSJÅSUND GRENDEHUS

- Onsdag 15. februar kl. 19.00: Møte med tale av Knut Bjørn Skyttemyr.  
Kollekt og enkel servering.
- Onsdag 15. mars kl. 19.00: Møte med tale og song av  
Johannes Bakken.  
Kollekt og enkel servering.
- Skjærtorsdag 6. april kl. 10.00: Gudsteneste ved  
sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr og  
kantor Maria Skjæveland.  
Kollekt og enkel servering
- Onsdag 26. april kl. 19.00: Møte med tale av Nikolai Valle.  
Kollekt og enkel servering.
- Kristi himmelferdsdag**  
torsdag 18. mai kl. 11.00: Me sluttar opp om møte på  
bedehuset med tale av  
Martha Irene Eriksrød frå Normisjon.



Alle velkomne!

---

## TREUNGEN NORMISJON

### Desember

Torsdag 08. kl.19.00 Møte, Arvid  
Hunemo.

Torsdag 15. kl.19.00 Dugnad/  
fellesskap.

### Januar

Torsdag 12. kl.19.00 Møte, Ulf Børje  
Rahm.

Torsdag 19. kl.19.00 Bøn og samtale.

Laurdag 28. kl.18.00 Møtehelg v/Jens  
Bergsland.

Sundag 29. kl.11.00 -----<-----

Onsdag 15. kl.19.00 Møte i  
Haugsjåsund, Knut Bjørn Skyttemyr.  
Torsdag 23. kl.19.00 Bøn og samtale.

### Mars

Torsdag 02. kl.19.00 Dugnad/  
fellesskap.

Torsdag 09. kl.19.00 Bibeltime, Knut  
Bjørn Skyttemyr.

Onsdag 15. kl.19.00 Møte i  
Haugsjåsund, Johannes Bakken.

Fredag 17. kl.19.00 Sangkveld v/  
Gunnar Ajer.


Torsdag 30. kl.19.00 Bøn og samtale.

### Februar


Torsdag 02. kl.19.00 Dugnad/  
fellesskap-

Torsdag 09. kl.19.00 Årsmøte.

**Velkomne i Bedehuset.**



# MELDINGSBLAD NISSEDAL KOMMUNE



NR 4.

2022

Kulturkveld:

Laurdag 5. november inviterte Nissedal kommune inn til kulturkveld, med tema Lys i mørketida.

Programmet var variert og fint, og starta med at Torgeir Nordal heldt eit framifrå foredrag om kunstnarparet Ruth og Gunnar Nordbø.

Eit kunstnarpar som har hatt stor innverknad på rosemålartradisjonen i regionen. Ein stor del av kunstsamlinga til Ruth Nordbø vart testamentert til Nissedal kommune, du kan sjå delar av kunstsamlinga i kommunestyresalen.

Vidare heldt Olav Jakob ei strålande lysbildeframvising av Nisserstien til alle årstider med eit blikk for lys og stemning som berre Olav Jakob kan.

Neste post på programmet var kulturprisutdeling. Og jammen var det ikkje Olav Jakob som fekk kulturprisen, spesielt for hans fotokunst.

Utdrag frå ordførarens tale til Olav Jakob:

*I år går prisen til eit enkeltperson, ein enkeltperson alle i Nissedal har god kjennskap til, eit menneske som verkeleg brenn for sitt lokalsamfunn og er og har til alle tider vore en svært god ambassadør for sin heimkommune Nissedal.*

*Det er hans lidenskap og engasjement i kunstforma bildetaking som gjer at Olav Jakob Tveit i kveld mottar kulturprisen i Nissedal kommune. Gratulere.*

Kulturprisvinnaren fekk eit diplom måla av rosemålar Rune Nesher og kr. 10.000 frå Nissedal kommune.

Og ei lita ekstra overrasking frå kultursjefen, var kveldens husband, som er studentar ved Noregs Musikkhøgskule, og som studerer jazz.

Dei hadde førebudd jazz-standardar spesielt til kulturprisvinnaren, då han har uttalt meir enn ein gong, at han elskar jazz frå 1940 og 50-talet.



Så var det tid for matøkt, med kake og kaffi.



Neste på programmet var Øyvind Tveit som på ein svært fin måte mintest Kjell Åsen og hans framifrå måte å formidle bilde gjennom ord, hans fine veremåte og hans fantastiske bidrag til vår lokale kulturhistorie.

Til slutt i programmet knytte det seg stor spenning til kven som skulle få Nissedal kommune sin fyrste frivilligpris.

Leiar for Treungen Idrettslag, Elin Fjalestad, var sendt ut på kulturkveld for VTB som fotograf. Dette var eit planlagt plott mellom VTB og kommunen, slik at vi skulle vere heilt sikre på at leiaren for Treungen idrettslag skulle vere i salen.

For den fyrste frivilligprisen i Nissedal kommune, den gjekk til Treungen IL. Ein pris som laget fortener, eit lag som gjer ein frivillig innsats langt ut over det vanlege.

Dette skildrar ordføraren på ein fin måte i talen han heldt til Treungen IL.

Utdrag frå ordførarens tale Treungen idrettslag:

*Årets prisvinnar kan verkeleg beskrivas som ein prisvinnar med ei rolle langt utover det å være en tilrettelegger av aktivitet. Årets prisvinnar har ein klar sosial og inkluderande profil.*

*Prisvinnaren gjer eit samfunnsvyttig frivillig arbeid som går ut over det vanlege, og gjer eit uvurderleg arbeid for inkludering, sosialisering og utjamning av skilnadar.*



*Det er ei stor glede og ære å på vegne av formannskapet i Nissedal, tildele Nissedal kommune sin frivilligpris til Treungen idrettslag.*

Treungen IL fekk eit rosemåla diplom av rosemålar Rune Nesher, og kr. 10.000 i Nissedal kommunes Frivilligpris.

Takk til alle som kom på kulturkveld, og alle som bidrog til at det blei ein festaftan.

Anne Espelid

---

## **BLI KJENT MED SALMEBOKA**

---

### **Jolesalme**

Jola står for tur, og denne gongen har eg tatt for meg «Midt i hårdest vinter»

*Midt i hårdest vinter, skjedde det en gang.*

*Som i jern lå jorden, under vindens sang.*

*Sneen la et teppe, over ukjent jord.*

*Midt i hårdest vinter, ble Maria mor.*

*Han som skulle fødes, var Guds egen sønn.*

*Hvor var husrom? Ingen hørte Josefs bønn.*

*Men en stall ble åpnet, for de to til sist,*

*og Maria fødte Jesus Krist.*

*Engler og kjeruber kledd i himmelsk drakt,*

*kunne har vært samlet, rundt ham og holdt vakt.*

*Men ved krybben ser vi ingen englehær.*

*Josef og Maria kneler der.*



*Hva kan jeg vel bringe med meg inn til ham?*

*Hvis jeg var en hyrde, gav jeg ham et lam,*

*hvis jeg var en konge, gav jeg gull. Men nå?*

*Hva har jeg? Midt hjerte skal han få.*

T: Christina Rossetti, ca 1870

O: Svein Ellingsen, 1986

M: Gustav Theodore Holst, 1906

Salma vart først gong publisert i Schribners Magazine i 1872, deretter i forfattarens eige «The Poetical Works of Christina Georgina Rossetti».

Teksten er ei vakker og kanskje litt naiv, skildring av det som skjer jolenatta. Den kan minne om ei middelaldersk folkevise. Inkarnasjonen skjer i ei kald vinternatt, der snøen er eit bilde på den reine som dekker ein fortapt verden. I teksten kan ein sjå at forfattaren lever seg inn i dei fattige kåra Jesus blei født under. Som ein parallel til vismennene (som ikkje blir nemnde i teksten), stiller ho også spørsmålet om kva gav ho kunne ta med seg til barnet.

Salma er omsett av Svein Ellingsen, som ligg nær originalen, sjølv om strofe to og tre er føydde saman. Teksten er nesten på grensa til spartansk og legg opp til at ein skal kunne danne seg bilde sjølv av det som skjer.

Trygve Bjerkreim har omsett salma til nynorsk «I den kalde vinter».

Melodien blei publisert første gong i EH i 1906. Melodien følger teksten sin oppbygging, der kvar verselinje har sin eigen frase som heng saman to og to og dannar periodar på fire takter. Det melodiske språket liknar litt på ein barnesong, noko som også underbygger teksten. Punktert rytme går igjen i alle frasar, bortsett fra takt 11, dette er med på å understreke kontrastane i teksten.

Salma står i Norsk Salmebok på nr 55

Maria Skjæveland, kantor

## **NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK**

**Sokneprest**

**Knut Bjørn Skytemyr**

Kyrkjekontoret:

Tysdag og torsdag kl. 10 –13

Ellers treffetid etter avtale.

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skytemyr  
@nissedal.kommune.no

**Kyrkjeverje Bente Meyer**

Kyrkjekontoret:

Tys., ons.og tors. kl. 9 -13,  
ellers treffetid etter avtale

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 48 92 24 37

E-post: bente.meyer  
@nissedal.kommune.no

**Leiar i soknerådet:**

Anita Haugstad Haugsjå

**Nestleiar i soknerådet:**

Astrid Eidem Nordal

**Kyrkjetenar:**

Anne Marie H. Larsson

**Kantor:**

**Maria Skjæveland**

Mobil.: 94 06 02 69

**Klokkar i Treungen kyrkje:**

**Reidun Lauvdal**

**Prostdiakon Eilev Erikstein**

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

**KIRKENS SOS**

**TLF: 22 40 00 40**

## **Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn**

### **Treungen kyrkje**

**Dåp:**

19.6.22 Vemund Kjetland Sanden, Foreldre: Øystein Johansen Sanden og Vilde Kjetland Sydnes

**Gravferd:**

13.10.22 Torunn Mary Johansen f. 1930 d. 29.9.22

11.11. Anne Maria (Vesla) Hunemo f. 1934 d. 31.10.22

### **Felle kapell**

**Dåp:**

1.10.22 Emilie Høivold Felle, Foreldre: Jan Roger Felle og Lene Høivold Johnsen

**Frist for innlevering av stoff til neste nr.: 3. mars**

**Gje gāve på giro/konto: 2714.10.15589**

Merk kva de støttar.

**Gje di gāve ved bruk av VIPPS**

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprojekt i Mali

123539 Gāve til Kyrkjelydsbladet



### **KYKJELYDSBLAD**

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

**REDAKSJON:**

Knut Bjørn Skytemyr, 3854 Nissedal, Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

**EKSPEDISJON:**Kyrkjekontoret

**GIRO:** 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gāver til bladet vert motteknemed takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien

# EI TALE

## Ullstrømper til Afrika

Eg sat og strikka på ein sokk her om dagen. Då ramla ein boktittel ned i hovudet mitt: «Ullstrømper til Afrika». Eg hugsar at boka stod i bokhylla heime då eg var barn. På framsida var det ei stor, gul sol og nokre palmeliknande tre, og i framgrunnen sat ei gammal dame i ein gyngestol og strikka sokkar. Boka kom ut i 1963, og forfattaren var Arthur Klæbo. Eg las aldri boka, men tittelen set tankane i sving. Kven strikka for Afrika på 1960-talet? Jau, det må ha vore misjonskvinnene. Og om ikkje ullplagga skulle fysisk til Afrika, så skulle dei kanskje henge på ei snor ved basarbordet på eit bedehus, der inntektene frå basaren skulle gå til Afrika. Det var mange misjonsforeiningar rundt om i landet før. Ikkje så mange av dei er aktive lenger. Som oftast var det kvinne-foreiningar, men med dagens «arbeidsline» stel yrkeslivet mykje av tida til dagens kvinner, og kvinneforeiningane dør ut. Men det blir framleis strikka ullstrømper, og det blir framleis arrangert basarar. Bare i haust har det vore i alle fall fire basarar rundt om i Nissedal kommune. Og ein basar gjer seg ikkje sjølv. Bak kvart arrangement står ein komité- ofte ei «kvinneforeining», ei samling av frivillige som har sett verdien i å lage eit slik arrangement. Eg tenkjer at ein basar har minst tre verdifulle sider:

- Det er ein møteplass for folk, noko som er kjærkome, ikkje minst i mørke haustkveldar. Eit lim i bygdesamfunnet.
- Folk brukar pengar som går til eit godt føremål, noko som kan bli til glede for mange, både her i landet og i eit «Afrika».
- Dei som steller til basaren har eit fellesskap der dei jobbar saman mot eit felles mål.

På denne måten får basarane, eller liknande opne arrangement ringverknader utover lokalsamfunna. Og dette ville eg løfte fram nå i «frivilligheiens år». Mange kvinneforeiningar har gått inn, men det er framleis mykje godt, frivillig arbeid i Noreg. Dugnadsånda lever og tilpassar seg nye tider.

Jan Magnus Bruheim skreiv i diktet Um å bera:

*Skapte er vi te bera  
og lette børene for kvarandre.  
Til fånyttes lever ingen.*

Og Bruheim avsluttar diktet sitt slik:

*Den mannen ber tyngste børi  
som ingenting har å bera.*

Viss me skal bera for kvarandre, må me møtast, og det må vere møteplassar der ein kan snakke saman eller gjere noko saman. Me kan også bera med å gje «ullstrømper» eller pengar som lettar børene for dei som treng det andre stadar på jorda. Eg vil heie på frivilligkeit og fellesskap. Her kan alle bidra, kvar på sitt vis. *Det hjelper da litt nokre få forfrosne at du er varm!* skriv Halldis Moren Vesaas i Tung tids tale.



GBR-M.



Felle sundagsskule (Foto: Torill Sønderland)

Utdeling av 4 årsbok i Nissedal kyrkje (Foto: Julia T. Volline)



Konfirmantar i Nissedal kyrkje 2023 (Foto: Julia T. Volline)

*God jul*